



Referat Utdanningsutval Fakultet for helse- og sosialvitskap, HVL

Dato: 11.juni 2018, Skypemøte, kl. 9:00- 11:00


Til stades: Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning), Mildrid Haugland (prodekan for utdanning , Bergen),Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU), Johannes Haltbakk (fagseksjonsleder master i klinisk sykepleie), Eli Bjøvad Eikefjord (fagseksjonsleder radiografi), Inger Kristin Heggdalsvik (høgskulelektor sosialt arbeid), Ingrid Eggen (studentrep. Master), Jannicke Holmseth Bukve (rådgiver adm.), Hilde Kristin Tveit (senior rådgivar/sekretær adm.)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
8 /18 Godkjenning av innkalling og sakliste	Referat frå 4. mai.  Møte 1 Utdanningsutvalet v	Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Prodekan	5 min
Referat Innkalling og sakliste blei godkjent. Referat har vore godkjent tidlegare.				
9/18 Kvalitetssystemet ved HVL, status og vidare prosess i HVL og i FHS	<i>Mal for rapportering av utdanningskvalitet FHS</i>  Mal for rapportering studie:	Status og vidare prosess med kvalitetssystem for HVL presenteres. Utdanningsutvalet kjem med innspel til det vidare arbeidet ved FHS og til foreslått mal for rapportering av utdanningskvalitet for 2017/2018	Hilde Kristin Tveit innleiar Prodekan innleiar	35 min
Referat HVL sin status og prosess for nytt kvalitetssystem blei presentert i møtet. Nytt system skal behandlast i høgskulestyremøte i november 2018. Eit godkjent kvalitetssystem for HVL er ein føresetnad for at fakultetet sin ph.d. søknad blir godkjent.				


Fram til høgskulen har fått nytt kvalitetssystem må fakulteta fortsetje med å evaluera utdaningskvalitet etter dei gamle malane. Sida nokre institutt no har studieprogram på fleire campus må ein tenka annleis når ein skal rapportera frå institutta studieåret 2017/2018. Det er utarbeida ein mellombels mal på korleis fakultetet ynskjer rapporteringa skal vera. Det er berre fagseksjonsleiarane for bachelor- og masterprogramma som skal utarbeida rapport for 2017/2018. Utvalet tykkjer det er viktig at ein rapporterer og at fakultetet har ein god plan for korleis rapporteringa skal gjerast. Utvalet godkjende dei mellombelse malane for rapportering. Utvalet ynskjer å ha innsyn i resultat av evalueringane og meiner at dei bør vere opne slik at studentar og andre kan sjå resultatata. NTNU har laga eit system der ressursevalueringar (det vi kallar fagutvalsevalueringar) ligg tilgjengeleg for alle. Her ligg det også informasjon om korleis dei fagansvarlege har følgd opp tilbakemeldingane. Dette sikrar heile evalueringssløyfa. Dette systemet vil Utdanningsutvalet melde inn til det pågåande arbeidet med nytt kvalitetssystem for HVL. Utvalet meiner og at HVL og må diskutera kva for ein type informasjon som skal leggjast ut på nettsidene og personvern må takast i vare.

10/18 Strategi for FHS	Prosessnotat ettersendast	Utdanningsutvalet kjem med innspel på strategidokumentet	Prodekan innleiar	30 min
-------------------------------	---------------------------	--	-------------------	--------

Referat
Arbeidet er forsinka og notat frå strategiarbeidet blei ikkje sendt ut før møtet. Høyring på HVL kjem 20. juni med ei frist for kommentarar i august. Fakultetet sender ut sitt utkast i august med frist for høyring i midten av september.
Strategigruppa ved FHS har hatt 3 møter. Det har og vært møter ved alle campus der eksterne deltakere og studentar har vore invitert. I desse møta blei kompetansebehova i regionen diskutert. Utvalet meiner at fakultetet også må sikre god involvering av brukarorganisasjonane og få dei med i dette arbeidet. FHS har invitert alle brukarorganisasjonane inn til møtene, men det har vore varierende oppmøte.
Kva skal vere Utdanningsutvalet si rolle i strategiarbeidet? Utvalet meier det vil vere nyttig å ha eit eige møte der ein kan gå gjennom høyringsutkastet. Utvalet meiner det er viktig å rette merksemd på utdanningsspørsmål i strategien og vil gjerne ha møte tidleg i september for å diskutere strategien.

11/18 Samkøyring og utvikling av bachelorutdanningane	Godkjent notat  Samkøyring og utvikling av bachelo	Innspel til vidare arbeid med samkøyring av BA - utdanningane.	Prodekan innleiar	10 min
--	--	--	-------------------	--------

Referat
Fakultetet har jobba mykje med utvikling av prosjektplan sidan sist møte. Ei 75% stilling (sjukepleie) og 50 % stilling (for ergoterapi-, fysioterapi - og radiografi- utdanningane) er lyst ut i ein intern e-post. Instituttleiar skal velje ut den som skal ha prosjektleiarstillinga. Dei tillitsvalte skal være med i prosessen. Det er laga eit budsjett for prosjekta. Prosjektgruppa og referansegruppa jobbar en med å få på plass, slik at arbeidet kan setjast i gang frå hausten.
Utvalet meiner at prosjekta er rigga fornuftig.
Ved NTNU har studieprogramleiar ein rådgjevande funksjon, det koordinerande ansvar og er ansvarleg for det faglege innhald. Koordinerande studieprogramleiar ser til at det blir ein felles eksamen, sensurert på tvers av campus, samkjøring av læringsaktivitetane osv. Dei har og stadig ansvarlig på dei enkelte campusane.

<p>Utvalet ser to problemstillinger: det campusovergripande og fakultetsovergripande. Det er særleg utfordringar knytt til f eks. felles studiepoeng og tverrprofesjonell samarbeidslæring. Prosjektgruppene vil fylgje opp dette i sitt arbeid.</p>				
<p>12/18 Samkøyring av masterutdanningar og EVU</p>	<p>Godkjent notat</p>  <p>Samkøyring og utvikling av vidare- c</p>	<p>Innspel til det vidare arbeid med utvikling og samkøyring av vidare - og masterutdanningane</p>	<p>Prodekan innleiar</p>	<p>10 min</p>
<p>Referat</p> <p>Endringar sidan sist: Ein er tydelegare på kva fakultetet skal jobbe med før strategien er på plass og kva for studietilbod som skal utviklast seinare. Det blir no sett ned tre prosjektgrupper; ei innan psykisk helse og rus, ei for masterprogram «Rehabilitation and aging» (internasjonal-master) og ei for rettleingspedagogikk. Simulering bør inn som ein viktig komponent i rettleingspedagogikk. Fagseksjonsleiarane si rolle er å leggja føringar for vidareutdanningane og masterutd. Det er viktig å vere i dialog om kva som skjer og korleis ein tenkjer.</p> <p>Fakultetet si portefølje i forhold til master er stor. Eit viktig spørsmål er om vi kan samkøyre meir i masterutdanningane. Ph. d utdanning ved fakultetet vil gje større handlingsrom. FHS vil difor setje ned ei eiga arbeidsgruppe med fagseksjonsleiarar og studierådgjevarar for å vurdere om utdanningane/emne i studieporteføljen og nyoppretta studietilbod/emne kan inngå i ein av dei eksisterande eller planlagde masterstudiane. Arbeidsgruppa skal foreslå ein matrisemodell der dette framgår. Denne prosjektgruppa vert viktig for alle prosjekta knytt til etter- og vidareutdanning ved fakultetet.</p> <p>Mandat for prosjektgruppene er no på høyring til instituttleiarane. Målet er å få på plass gruppene før sommaren, slik at dei kan komme i gang med arbeidet i august. Informasjonsflyt kring samkjøringsprosjekta vert viktig. OsloMet har ein blogg der dei legger ut informasjon. Tilsette kan abonnera slik at dei får informasjon og kan fylja med. Ved NTNU har alle fagtilsette i eit studieprogram møttes på tvers av campus eit par gongar i året i forbindelse med samkjøringsprosessen. Det er gull verdt! FHS skal samlast i februar 2019 (til lunsj til lunsj samling). Det er også satt av midlar til at alle i prosjektgruppene kan møtast fysisk minst ein gong pr. semester.</p> <p>Utdanningsutvalet støtta måten det vert arbeidd på kring utvikling og samkøyring av utdanningane ved fakultetet.</p>				
<p>13/18 Utdanningskonferanse ved fakultetet hausten 2018?</p>		<p>Til diskusjon: Skal fakultetet arrangere ein årleg utdanningskonferanse?</p>	<p>Prodekan innleiar</p>	<p>10 min</p>
<p>Referat</p> <p>Utdanningsutvalet drøfta om fakultetet skal utvikle eit eigeutdanningsseminar. Vi har mange tema som har interesse for studieprogram på tvers av fakultetet. F.eks TPS, simulering, kunnskapsbasert praksis, e-læring, simulering og brukarinvolvering i undervisning. MAMET500 er og eit emne som bør setjast på dagsorden og i lys av dette diskutere kva andre emne som kan utviklast på liknande vis.</p> <p>Utdanningsutvalet støtter utvikling av eit årleg utdanningsseminar og ser at det vil vera nyttig for fakultetet. Tidspunkt for ein samling må avgjerast tidleg og før ferien. Samling kan vere både i oktober/november og det bør vera ein onsdag (ein må sjekke med leiargruppa). Utdanningsutvalet vert arrangør. OBS hausferien!</p>				
<p>14/18 Møteplan</p>	<p>Forslag møteplan 2018/2019</p>	<p>Setje møteplan for neste studieår.</p>	<p>Prodekan</p>	<p>10 min</p>

	Hausten 2018 <ul style="list-style-type: none"> • 25. september • 20./21. november Vår 2019 <ul style="list-style-type: none"> • 19. februar • 21. mai 	Skypemøte 25. sept. Kl. 09.00 -11.00? Utdanningskonferanse/ Møte i utdanningsutvalet – lunsj til lunsj 20/21 – nov?		
Referat Ein må flytta fram møtet i februar sidan HVL får NOKUT på besøk 19. februar. 25. september går heller ikkje pga av det er etter frist for høyring av strategi. Det vert sendt ut møteinnkallingar for neste studieår i Outlook-kalender.				
15/18 Orienteringssaker		<ul style="list-style-type: none"> • Besøk av NOKUT 19.2.2019 • Studieportefølje • Status søker tal • Søknad om nye studieplasser • Status samarbeid med praksisfelt • Godkjenningsarbeid av ph.d i Helse, funksjon og deltaking • FHS har fått kr. 750 000 for å utvikle eit godt studiestart- og førstesemesterprogram for 2018 	Prodekan	10 min
NOKUT kjem 19.2.2018 <ul style="list-style-type: none"> • FHS har søkt HVL om nye studieplassar knytt til desentralisert vernepleie , deltid (20 studieplassar - Haugesund, og 20 studieplassar - Førde og 10 studieplassar i Hallingdal). • Studieportefølje. Jobbar med å rydde gjennom dei prosjekta ein har snakka om tidlegare i sak. • Har fått førespurnad frå departementet om å ta opp fleire stud. på sjukepleie. Fakultetet har meldt om at dei kan ta 20 plasser fordelt på ulike campus frå hausten 2018. • Søkjertala er gode på fakultetet. Alle studieprogramma har gjennomgåande gode søkjertall. Nokre studieprogram fekk fleire studentar og ein er redd for studiekvaliteten til studentane. Tilbakemelding om dette må gjerast til instituttleiar. • Status samarbeid med praksisfelt – var satt opp som ein sak i fyrste møte. Er ei stor sak. Vi har mange møte med praksis men har ikkje den totale oversikta for kven som deltar på kva. • Godkjenningsarbeid av ph.d. NOKUT var på besøk førre veke. Tilsette har ei god kjensle etter møtet. Ph.d. er godt forankra i heile campus og masterstudiane. Det var to gode dagar. • FHS fekk kr 750.000. Skal nyttast frå hausten. Det er laga tiltak som instituttleiarane nå jobba ut frå. 				
16/18 Eventuelt				

Det har vore eit god møte, med ei god og tydeleg saksførebuing. Skypemøte gjekk fint og det har vore ryddig og greitt å fylje!

21.6.2018